



SØKNAD TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I MØRE OG ROMSDAL SKOLEÅRET 2012/2013

Orientering om inntaket

Søknadsfrist 1. februar:

Søknad om inntak på bakgrunn av behov for spesialundervisning.

Vedleggsskjema A. Denne kategorien gjeld:

- søknad om særskilt prioritert utdanningsprogram (Forskrift til opplæringslova § 6-7 a)
- søknad om opplæring ut over tre år (Forskrift til opplæringslova § 6-7 b)
- søknad om spesialundervisning (Forskrift til opplæringslova § 6-7 c)

Søknadsfrist 1. mars:

Ordinær søknad (skoleplass/ lærefag)

Søknad om reservert skoleplass

Vedleggsskjema R. Denne kategorien gjeld:

- søkar som er inne i eit bestemt behandlingssopplegg pga. psykiske vanskar, medisinske vanskar, rusproblem osv.
- søkar som er under oppfølging av barnevernet og plassert utanfor heimen, eller i tiltak i heimen.

Ordinær søknad med meldeskjema

Vedleggsskjema B. Dette er ikkje ein søknad, men ei melding til skolen om vanskar.

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune ved Utdanningsavdelinga som behandlar søknader om inntak til vidaregåande opplæring.

Generell informasjon

1 Søknadsskjema

Alle som søker om inntak med vedleggsskjema A, B eller R, skal i tillegg fylle ut søknad på Internett: www.vigo.no

I tillegg skal alle som søker med vedleggsskjema A eller R, sende inn skjemaet og kopiar av nødvendige vedlegg i 2 eksemplar til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

Det er elevane sjølve som er ansvarlege for at B-skjemaet blir levert ved skolestart til den skolen dei blir tatt inn ved.

Kopi av B-skjemaet skal sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde.

2 Sakkyndig vurdering og dokumentasjon

Sakkyndig vurdering ved søknad om spesialundervisning er PPT sitt ansvar, vi viser til § 5-6 i opplæringslova. Det er fastsett i opplæringslova og forskrifter til opplæringslova kva for vurderingar som skal kome fram i den sakkyndige vurderinga.

Ny sakkyndig vurdering skal alltid ligge føre ved

- overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring
- ved eventuell søknad om inntak til eit 4. eller eit 5. opplæringsår
- ved første gongs søknad om spesialundervisning
- ved omval/endra vanskebilde eller andre tilhøve som fører til store endringar i behov, organisering og omfang av spesialundervisninga.

Den sakkyndige vurderinga er eit rådgivande dokument for fylkeskommunen.

3 Klagerett:

Søkar har klagerett på vedtak om inntak til:

- særskilt prioritert utdanningsprogram (P)
- opplæring ut over 3 år (M)
- rett til spesialundervisning etter Forskrifta til opplæringslova § 6-24 (I)

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune ved Utdanningsavdelinga som behandlar desse søknadene.

Klageinstans for enkeltvedtak om inntak til vidaregåande opplæring er Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Klagen skal sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

Men stilast til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klagefristen er tre veker frå den datoen søkaren har mottatt vedtaket.

Ytterlegare informasjon om klageretten finn du på <http://www.vilbli.no> under [Elev og skole -> Hvordan søker du? -> Klagerett](#).

Dersom ein elev ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har han rett til spesialundervisning, sjå opplæringslova, § 5-1.

Da må vedleggsskjema A fyllast ut, og PPT må skrive ei sakkyndig vurdering som skal leggjast ved søknaden.

Dersom ein søker om spesialundervisning, vil ein ikkje få vedtak om dette frå Utdanningsavdelinga. Søkaren vil ta imot enkeltvedtak om innhald, omfang og organisering av opplæringa frå rektor ved den skolen der han blir tatt inn som elev.

Klageretten gjeld også for enkeltvedtaket som skolen gjer om spesialundervisning. Klageinstans er Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Slik klage skal sendast til: Rektor ved skolen der eleven er tatt inn.

Men stilast til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Kopi av klagebrevet skal sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klagefristen er tre veker frå den datoen søkaren har mottatt vedtaket.

Ytterlegare informasjon om klageretten finn du på <http://www.vilbli.no> under [Elev og skole -> Hvordan søker du? -> Klagerett](#).

Andre vedtak i samband med inntak som det kan klagast på:

- inntak til særskilt prioriterte programområde (P)
- inntak på ein skole i nærleiken av der eleven er busett (R)

Klageinstans:

For desse vedtaka er det fylkeskommunen si klagenemnd som er klageinstans.

Klagen skal sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Men stilast til: Klagenemnda i Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klagefristen er tre veker frå den datoen du mottar vedtaket.

Ytterlegare informasjon om klageretten finn du på <http://www.vilbli.no> under [Elev og skole -> Hvordan søker du? -> Klagerett](#).

Framgangsmåten ved klage:

Klagen skal vere underskriven av søkar eller verje for søkar. Klagen må vere grunngitt, og i grunngivinga må opplysningar som er viktige ved vurdering av klagen komme fram.

Vi rår søkaren til å ta kontakt med Utdanningsavdelinga før klagen blir sendt inn.

4 Minoritetsspråklege søkarar

Dette er søkarar med eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk eller dansk.

Dei som kjem inn under denne søkargruppa, skal i tillegg til å fylle ut web-søknaden, og eventuelt vedleggsskjema A, B og R, sende inn eit vedleggsskjema for minoritetsspråklege søkarar med kopiar av all nødvendig dokumentasjon.

Dersom det er søknad om utvida rett etter §3-1, femte ledd, i opplæringslova, på grunn av særskilt språkopplæring, skal det fyllast ut eige skjema for det.

Minoritetsspråklege elevar som har full kompetanse som mål for den vidaregåande opplæringa, kan søkje om å få eit utdanningsprogram/programområde over 2 år. For dei elevane som har store utfordringar i høve norsk språk, er dette ei god løysing. Det er egne reglar for søking om utdanningsprogram/programområde over 2 år. Skolane finn nærmare informasjon om dette i Rundskriv 14/11.

Det er eit vilkår for inntak til vidaregåande opplæring at søkaren har lovleg opphald i landet.

Søkarar som oppheld seg i landet i påvente av vedtak om opphaldsløyve, har ikkje rett til inntak til vidaregåande opplæring. **Mindreårige asylsøkarar kan likevel takast inn til vidaregåande opplæring i påvente av vedtak om opphaldsløyve, jf. § 6-9 i forskrift til opplæringslova. Dersom dei får svar i form av avslag på søknaden medan dei går i vidaregåande skole, har dei ikkje rett til å fullføre den vidaregåande opplæringa dei har starta på.**

Vilkår for inntak til utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 (Vg1) er vitnemål eller stadfesting på at søkaren

- har gjennomgått norsk grunnskole
- har gjennomgått grunnopplæring i utlandet i minst 9 år, eller har kunnskap og dugleik på nivå med norsk grunnskole
- er skriven ut av grunnskolen etter opplæringslova § 2-1, fjerde ledd ELLER
- har tilsvarande realkompetanse, jf. forskrifta til opplæringslova § 6-27

Kopi av vitnemål eller stadfesting på gjennomgått grunnopplæring må ligge ved vedleggsskjemaet for minoritetsspråklege søkarar. Vitnemål frå utlandet må vere omsett til norsk eller engelsk.

Det er ikkje noko krav om norskopplæring/norskkunnskapar for inntak til vidaregåande opplæring.

NB: 1. august 2008 fekk minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring rett til særskilt språkopplæring, jf. § 3-12 i opplæringslova. Dette gjeld særskilt norskopplæring, morsmåls-opplæring og/ eller tospråkleg fagopplæring. Forarbeida til § 3-12 understrekar at målgruppa for denne paragrafen er **"nykomne og andre minoritetslevar som har så dårleg dugleik i norsk at dei ikkje kan følgje undervisning gitt på norsk"**

Det skal fattast enkeltvedtak om retten til særskilt språkopplæring. Møre og Romsdal fylkeskommune har delegert vedtakskompetanse til skolane. Skolane skal kartlegge eleven sin dugleik i norsk og fatte enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. Den særskilte språkopplæringa er ei overgangsordning.

Elevar i norsk grunnskole har hatt rett til særskilt språkopplæring sidan 2003, jf. opplæringslova §2-8. Det er derfor svært viktig at dei vidaregåande skolane etterspør kartleggingsresultat og eventuelt enkeltvedtak om rett til særskilt språkopplæring frå grunnskolane/kommunane. Minoritetslevar som har vore i norsk grunnskole etter 2003, har hatt rett til særskilt språkopplæring, norskkunnskapane skal vere kartlagt og eleven skal ha enkeltvedtak om rett til/ ikkje behov for særskilt språkopplæring.

Enkeltvedtak om at eleven har/ har hatt særskilt språkopplæring er ein føresetnad for å få utvida rett etter § 3-1, 5. ledd.

Dersom søkar med minoritetsspråkleg bakgrunn ikkje har fått norsk personnummer, får han ikkje søkt i Vigo. Søkaren må da ta kontakt med Utdanningsavdelinga for å få tilsendt ei papirutgåve av søknadsskjemaet. Inntak@mrfylke.no

For å unngå sein behandling av søknadene for denne søkargruppa, er det *svært viktig* at vedleggsskjema m/ dokumentasjon blir sendt i 2 eksemplar til Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde innan søknadsfristen.

A Rettleiing til vedleggsskjema, søknadsfrist 1. februar 2012

For søkar som etter sakkyndig vurdering har behov for spesialundervisning.
Vedlegg til web-søknad.

Punkt 1 Personalialia

Her skal namnet til søkaren, fødsels- og personnummer, adresse og telefonnummer skrivast inn.

Punkt 2 Avgangår frå grunnskolen

Skriv inn i feltet i kva for år grunnskoleopplæringa blei avslutta og namnet på skolen.

Punkt 3 Eg søker

Søkarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1, må føre opp 3 alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 i prioritert rekkjefølgje. Dette gjeld også søkarar som melder behov for spesialundervisning (forskrift til opplæringslova § 6–8, 2. ledd).

Det er svært viktig at det er samsvar mellom opplysningane i web-søknaden og opplysningane i skjemaet. Dersom det ikkje er samsvar, er det web-søknaden som gjeld.

Punkt 4 Søknaden gjeld

Søknad om inntak på grunn av behov for spesialundervisning gjeld:

- inntak på særskilt prioritert utdanningsprogram, jf. opplæringslova § 3–1, 6. ledd og forskrift til opplæringslova §§ 6-7 og 6-20 (P)
- inntak og opplæring ut over tre år, jf. opplæringslova § 3–1, 5. ledd (M)
- inntak til Vg1 med rett til spesialundervisning for søkar som ikkje har bokstav – eller talkarakterar eller er utan samanliknbart karaktergrunnlag frå grunnskolen, jf. forskrift til opplæringslova § 6-15 c. og § 6–17 (I)
- inntak til Vg2 eller Vg3 på grunnlag av individuell vurdering. Dette gjeld søkarar med behov for spesialundervisning og som ikkje har vurdering med karakter frå Vg1 eller Vg2, jf. forskrift til opplæringslova § 6–24 (I)
- inntak med rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5–1. Dette gjeld elev som har bokstav – eller talkarakterar og derfor skal rangerast etter poengsum. Gjeld søkar til Vg1, Vg2 og Vg3, jf. forskrift til opplæringslova §§ 6–13 og 6-25 (Q)
- elevar som har godkjent utdanningsprogram/programområde over to år som eit spesialpedagogisk tiltak, jf. Rundskriv 14/11 *Presiseringar-søknad om utdanningsprogram/programområde over to år* (sjå vedlegg).

Særskilt prioritert utdanningsprogram (P) gjeld desse søkerane:

(jf. opplæringslova § 3–1, 6. ledd)

"Søkarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, har rett til dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet". Jf. også forskrift til opplæringslova §§ 6-7 og 6–20.

Forskrift til opplæringslova § 6–13 seier mellom anna: *"Søkar som har rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, har rett til inntak på eit særskilt prioritert utdanningsprogram når vilkåra i forskrifta § § 6–19 til 6–21 er oppfylte."*

Vilkår for inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram er at søkaren har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1, 1. ledd og rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.

Søkaren må dessutan ha behov for spesialundervisning på grunn av:

- sansedefektar og motoriske defektar eller
- store lærevanskar eller
- emosjonelle eller sosiale problem eller
- store samansette funksjonshemmingar eller
- andre funksjonshemmingar

Søkaren har rett til inntak på det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet dersom han har valt på grunnlag av og i samsvar med den sakkyndige vurderinga. (jf. forskrift til opplæringslova § 6-20, 2. ledd).

Det er stilt særskilte krav til den sakkyndige vurderinga knytt til inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram. Desse krava finn ein i forskrift til opplæringslova § 6–19.

PPT må sjå til at det ligg føre tilstrekkelege opplysningar i sakkyndig vurdering. Utdanningsavdelinga tar inn søkarar til særskilt prioritert utdanningsprogram på grunnlag av den sakkyndige vurderinga.

Inntak og opplæring ut over tre år (M) gjeld desse søkarane:

(jf. opplæringslova § 3–1, 5. ledd)

Søkarar som har rett til spesialundervisning etter kap. 5, har rett til vidaregåande opplæring i inntil 2 år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Det skal liggje føre sakkyndig vurdering av eleven sine særlege behov, og kva for opplæringsmål som ikkje er nådd på 3 år i vidaregåande skole.

Den utvida retten gjeld òg for elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3–9, eller rett til opplæring i punktskrift etter § 3–10 eller særskilt språkopplæring etter § 3-12 i opplæringslova.

Inntak til Vg1 utan karakterar (I) gjeld desse søkarane:

(jf. forskrift til opplæringslova § 6–17)

Søkarar til Vg1 med behov for spesialundervisning og som ikkje har bokstav- eller talkarakterar, eller er utan samanliknbart karaktergrunnlag frå grunnskolen.

Dette gjeld:

a) Søkarar frå godkjende 10-årige grunnskolar som ikkje har vitnemål med tal – eller bokstavkarakterar. Desse søkarane skal rangerast etter påreknna føresetnader for vidaregåande opplæring. Grunnskolane skal gi ei vurdering av søkaren sine føresetnader for vidaregåande opplæring (jf. forskrift til opplæringslova § 6-17, 2. ledd).

b) Søkarar som ikkje har samanliknbart karaktergrunnlag og som ikkje kan vurderast etter forskrifta § 6–14 til § 6–17. Søkarar i denne kategorien skal vurderast individuelt. For eksempel gjeld dette elevar som manglar meir enn halvparten av karakterane, elevar med utdanning frå utlandet som ikkje har samanliknbare karakterar eller som berre har stadfesting på gjennomført grunnskole frå kommunen. **Desse gjeld berre søkarar som har behov for spesialundervisning.**

Inntak til Vg2/Vg3 utan karakterar (I) gjeld desse søkarane:

(jf. forskrift til opplæringslova § 6–24)

Elevar som søker inntak til Vg2/ Vg3 med behov for spesialundervisning og som ikkje har vurdering med karakterar frå Vg1, Vg2. Desse søkarane skal takast inn etter individuell vurdering. Her skal det mellom anna leggst vekt på sakkyndig vurdering og på søkaren si prioritering.

Dette er i hovudsak meint for dei som planlegg grunnkompetanse.

For dei som tek sikte på full måloppnåing, må skolen vurdere om dei er kvalifiserte til å søkje vidare.

(jf. forskrifta til opplæringslova § 6-22 og 6-23) Viser her til rutine angående enkeltvedtak om kvalifisert/ukvalifisert til å gå vidare på vg2/vg3. Desse skal konkurrere seg inn på karakterpoeng.

Inntak for elevar som konkurrerer på poeng (Q) gjeld desse søkarane:

(jf. opplæringslova § 5-1)

”Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.”


Dette gjeld søkarar som har samanliknbart karaktergrunnlag med bokstav- eller talkarakterar, og derfor skal rangerast etter poengsum. (jf. forskrifta til opplæringslova § 6-15, 6.22 og 6-23)

Det gjeld søkarar til Vg1, Vg2 og Vg3.

Elevene skal normalt integrerast i ordinære grupper og få spesialundervisning basert på individuelle opplæringsplanar.

Skolen kan organisere delar av undervisninga i mindre grupper eller legge til rette for andre tiltak.

Det er rektor på den enkelte skole som så snart som råd etter inntaket, gjer enkeltvedtak om spesialundervisning. Vedtaket skal innehalde opplysningar om innhald, omfang og organisering av opplæringa.



Elevar som har fått godkjent utdanningsprogram/programområde over to år som eit spesialpedagogisk tiltak:

Gjeld elevar som allereie er tekne inn i eit toårig løp med programområde over to år. Desse elevane treng berre å fylle ut den første sida i skjemaet. Kopi av vedtak om programområde over to år må leggast ved.

Dette gjeld berre elevar som søker på A-skjema innan 1. februar.

Punkt 5

Dette punktet gjeld for dei elevane som har søkt om spesialundervisning **i alle fag**, og som viss dei får innvilga ønske om spesialundervisning, vil ha IOP i alle fag. I Vigo skal desse elevane no søkje ordinære programområde, og det er difor særskilt viktig at dei kryssar av på dette punktet i A-skjema. Dette gjeld dei elevane som har størst hjelpebehov i vidaregåande skole.

Punkt 6 Oversikt over tidlegare vidaregåande opplæring

Her skal ein gi ei oversikt over den vidaregåande opplæringa søkaren har hatt til no. Både fullførte og avbrotne kurs skal takast med.

Punkt 7 Mål for opplæringa

Punktet skal fyllast ut etter beste skjønn. Dette punktet kan gi viktig informasjon til mottakaraskolen om realistiske slutt mål for opplæringa. Opplysningane kan òg vere ei rettesnor for den pedagogiske planlegginga av utdanningsopplegget eleven bør ha.

Punkt 8 Mine sterke sider

Søkaren sine sterke sider og evne til meistring skal komme fram her. Fokuset skal vere på forhold som skolen kan byggje på for å få til ein positiv opplærings situasjon.

Punkt 9 Min hovudvanske

Den sakkyndige vurderinga skal gi ei utdjujing av dei vanskanne som er kryssa av under punkt 9. Dersom det er grunn til å sette fleire kryss, skal ein prioritere med 1, 2, 3 osv. Det er viktig at søkaren sin hovudvanske kjem tydeleg fram.

Punkt 10 Tilrettelegging/ spesialundervisning inneverande skoleår

Dersom søkaren har spesialundervisning inneverande år, skal det gjerast greie for dei tiltaka som er sette i verk. Kopi av enkeltvedtak, IOP og halvårsrapportar for skoleåret skal leggast ved. Sjå elles punkt 16 om vedlegg.

Punkt 11 Tilretteleggingsbehov kommande skoleår

Her skal søkaren sine behov for tilrettelegging, utstyr og anna assistanse komme fram.

Punkt 12 Andre opplysningar

Dersom det er andre forhold som har verdi for søkaren sin opplærings situasjon, skal dei gjerast greie for her.

Punkt 13 Ansvarsgruppe

Dette feltet gjeld berre for dei søkarane som har fått oppretta eiga ansvarsgruppe i kommunen. Namn og telefonnummer til dei som er oppnemnte i gruppa skal skrivast inn her.

Punkt 14 Hjelpeinstans

Hjelpeinstansen som har vore med på å fylle ut søknadsskjemaet skal skrive inn opplysningar her.

Punkt 15 Kontaktpersonar

Her skal namn, adresse og telefonnummer til føresette og eleven sin kontaktperson ved PPT skrivast inn.

Punkt 16, 17 og 18 Vedlegg, underskrifter og samtykke.

Sjå søknadsskjemaet.

Det er viktig at **alle obligatoriske vedlegg** er med. Dersom det er andre opplysningar som kan ha verdi for saka, skal dette dokumenterast med vedlegg.

Søknaden og samtykkeerklæringa skal vere underskrivne av søkar og eventuelt føresette.

Hjelpeinstans som har vore rådgivar for utfyllinga av søknaden, skal medunderskrive søknaden.

R Rettleiing til vedleggsskjema, søknadsfrist 1.mars 2012

For søknad om reservert skoleplass. Dette skjemaet gjeld ikkje søknad om spesialundervisning, jf. § 5-1, eller om du søker skoleplass i anna fylke.

Dersom du har behov for spesialundervisning, må du i tillegg fylle ut vedleggsskjema A. Søknadsfrist for søknad om rett til spesialundervisning (skjema A) er 1. februar

Alle søkerar skal fylle ut søknad på Internett, www.vigo.no

NB! Dersom det ikkje er samsvar mellom ønska i vedleggsskjemaet og søknaden på Internett, er det internettsøknaden som gjeld.

Skoleeigar har bestemt at det er to kategoriar søkerar som kan søkje om reservert skoleplass, med søknadsfrist 1. mars:

- 1) Søkar som er inne i eit bestemt behandlingsopplegg på grunn av psykiske vanskar, medisinske vanskar, rusproblematikk osv. Her må dokumentasjon frå behandlande instans leggjast ved søknaden.
- 2) Søkar som er under oppfølging av barnevernet, for eksempel bur i institusjon – eller fosterheim, og av slike grunnar ikkje kan ta imot skoleplass utanfor eige distrikt. Dokumentasjon frå barnevern må leggjast ved.

NB! Reservasjonen gjeld berre plass på ein skole i nærleiken av der eleven er busett, ikkje utdanningsprogram/programråde.

Punkt 1 Personalia

Her skal namnet til søkeren, fødsels- og personnummer, adresse og telefonnummer skrivast inn.

Punkt 2 Avgangår frå grunnskolen

Skriv inn i feltet i kva år grunnskoleopplæringa blei avslutta, og namnet på skolen.

Punkt 3 Eg søker

Søkarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1, må føre opp 3 alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 i prioritert rekkjefølgje. Dette gjeld også søkerar som melder behov for spesialundervisning (forskrift til opplæringslova § 6–8, 2. ledd).

Det er svært viktig at det er samsvar mellom opplysningane i web-søknaden og opplysningane i skjemaet. Dersom det ikkje er samsvar, er det web-søknaden som gjeld.

Punkt 4 Eg søker om å få reservert skoleplass i nærleiken av der eg er busett fordi

Søkarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1, må føre opp 3 alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 i prioritert rekkjefølgje. Dette gjeld også søkerar som melder behov for spesialundervisning (forskrift til opplæringslova § 6–8, 2. ledd). Det er svært viktig at det er samsvar mellom opplysningane i web-søknaden og opplysningane i skjemaet. Dersom det ikkje er samsvar, er det web-søknaden som gjeld.

Punkt 5 Eg har også søkt om inntak med behov for spesialundervisning

Her skal grunngivinga for søknaden komme fram, sjå innleiinga over. Det er avgjerande for saksbehandlinga at årsaka til at det vert søkt om reservert plass, er dokumentert med vedlegg.

Punkt 6 Hjelpeinstans

Den hjelpeinstansen som har hjulpet til med utfyllinga av søknadsskjemaet, skal fylle ut dette feltet.

Punkt 7 Eg er merksam på at

Her kryssar du av for at du forstår kva søknaden gjeld.

Punkt 8, 9 og 10 Vedlegg, samtykke og underskrift

Desse felte gjeld vedlegg, samtykkeerklæring og underskrift, sjå rettleiing i søknadsskjemaet. Søkar skal skrive under på søknaden. Søkarar som er fylt 15 år, avgjer sjølv om dei vil søkje om reservasjon av skoleplass. Føresette bør medunderskrive søknaden.

Søkaren skal òg skrive under på samtykkeerklæringa.

Dersom søkaren er umyndig, skal føresette samtykke til at det kan innhentast ytterlegare opplysningar frå andre. Føresette skal legge stor vekt på søkaren si oppfatning av om samtykke skal givast. Både søkaren og føresette skal difor underskrive samtykkeerklæring.

B Rettleiing til meldeskjema, søknadsfrist 1. mars 2012

*Melding om vanske som skolen bør vite om.
Eleven skal sjølv levere eitt eksemplar av meldeskjemaet ved skolestart til kontaktlæraren sin ved den skolen han er tatt inn ved.
Kopi av B-skjemaet skal sendast til Utdanningsavdelinga.*

Dette skjemaet skal brukast av søkerar som søker ordinært inntak til vidaregåande opplæring.

Formålet med skjemaet er at den vidaregåande skolen skal få oversikt over behov hos søkeren som det bør takast omsyn til ved planlegging av opplæringa.

NB! Dette skjemaet gjeld ikkje som søknad om spesialundervisning etter opplæringslova § 5–1. Det gjeld som melding om ein vanske som skolen kan ta omsyn til innanfor ordinær tilrettelegging ved skolen.

Punkt 1 Personalia

Her skal namnet til meldaren, fødsels- og personnummer, adresse og telefonnummer skrivast inn.

Punkt 2 Avgangår frå grunnskolen

Skriv inn i feltet i kva år grunnskoleopplæringa vart avslutta og namnet på skolen.

Punkt 3 Mine vanskar er

Meldaren skal her gjere greie for dei vanskane han/ ho har. Vanskane må dokumenterast med vedlegg som stadfestar vanskane.

Punkt 4 Tidlegare tiltak

Her skal meldaren gjere greie for dei tiltaka som har vore sette i verk tidlegare.

Punkt 5 og 6 Andre opplysningar og tekniske hjelpemiddel

Andre opplysningar som kan vere av verdi for opplærings situasjonen kan takast med her, i tillegg til kva for tekniske hjelpemiddel som er nødvendige.

Punkt 7 og 8 Vedlegg og samtykke

Gjeld vedlegg, samtykkeerklæring og underskrift. Meldeskjema og samtykkeerklæring skal vere underskrivne av meldar og eventuelt føresette.